


Trafikksikker kommune = TRAFIKKSIKRE BARNEHAGAR






Trafikksikker barnehage

Nord-Fron kommune vart i 2015 sertifisert som trafikksikker kommune. Det betyr mellom anna at kommunen sine barnehagar skal oppfylle fastsette kriteriar for arbeid med trafikksikring.

«Trafikksikker barnehage» betyr at barnehagen skal ha eit forpliktande trafikksikringsarbeid i tråd med lover og forskrifter. Dette skal skje i eit systematisk og målretta samarbeid mellom foreldre/føresette og barnehagen.

Ei godkjenning som trafikksikker barnehage er ingen garanti for at dei ikkje kan skje ulykker i framtida, men gjennom auka fokus og høgare bevisstheit hjå tilsette, barn og foreldre/føresette vil risikoen minke.






Kriteriar

Barnehagen sitt trafikksikringsarbeid i kvardagen:

- Trafikksikring er integrert som ein del av barnehagen sitt omsorgs- og opplæringstilbod og er nedfelt i årsplanen.
- Barna lærer om sikring i bil og buss og bruk av sykkelhjelm og refleks.
- Barna lærer trygg oppførsel i trafikken og enkle trafikkreglar for fotgjengarar.
- Trafikksikringsarbeid er integrert i HMS-arbeidet.
- Det er gjort risikoanalyse og utarbeidd rutiner for å ivareta sikkerheit på turar til fots og med buss.
- Tilsette er kjent med rutinar for handtering av uforutsette hendingar og faresituasjonar på turar
- Det er stilt krav om rett sikring av barn ved kjøp av transporttenester og i rammeavtaler for persontransport.






Samarbeid med foreldre og føresette


- Foreldre og føresette skal vera involvert i barnehagen sitt arbeid med trafikksikring gjennom informasjon om arbeidet i barnegruppene og gjennom temamøter og foreldremøter.
- Skriftlege rutiner for sikring av barn ved parkeringsplass og port blir gjennomgått årleg med foreldre/føresette og tilsette.
- Det blir stilt krav om godkjent sikring av barna på veg til og frå barnehagen. Tilsette plikter å ta opp med foreldra når dette ikkje blir gjort.





Det pedagogiske arbeidet

- Arbeid med trafikkssikring er nedfelt i barnehagen sin årsplan, og er eit systematisk og målretta arbeid gjennom heile året. Som andre tema er det krav til progresjon i forhold til barna sin alder og modning, og arbeidet blir evaluert.
 - Temaet blir jobba med i samlingar og i leik ute og inne, og vi bruker gjerne pedagogiske opplegg som til dømes Trygg Trafikk sitt opplegg med Tarkus.
 - På turar blir det lagt stor vekt på trygg åtferd i trafikken, og dette blir viktige arenaer der praksis og teori blir vevd saman på ein naturleg måte.
 - For foreldre og føresette er det viktig å få god informasjon om kva som blir jobba med til kvar tid, slik at dei kan halde same fokus heime og på den måten støtte barnehagen sitt arbeid og auke barnet sin forståing gjennom at det heng godt saman.
- 
- 



Barnehagen sine aktuelle dokument

Dei ulike dokumenta som omhandlar sikring av barn på turar med barnehagen blir å finne på barnehagen sin heimeside.

- Rutine for turar i nærmiljøet.
- Handlingsplan «Om barn blir skada på turar» og «Om barn blir borte på turar».
- Sikring av barn i buss.
- Sikring av barna på parkeringsplass og i sjekke at porter er stengd.
- Sjekkliste trafikksikring (HMS).






Foreldre og føresette si rolle

Eit godt samarbeid mellom heim og barnehage er ein føresetnad som ligg i barnehagen sin formålsparagraf. Barnehagen har ansvar for at trafikksikring som tema blir jobba med, og at det når ut til foreldre og føresette.

Foreldre og føresette er viktige rollemodeller i barna sine liv, og det er derfor avgjerande viktig at dei er medvetne eigen åtfærd og haldningar i trafikken.

Foreldre og føresette i våre barnehagar er forplikta til å:

- Sikre barna riktig i bil og på sykkel på veg til og frå barnehagen.
- Handle i tråd med skriftlege rutinar for parkeringsplassen.
- Stoppe motoren ved parkering.
- Alle vaksne stenger porten når dei kjem og går, ingen barn skal øve seg på å opne den.



*Saman om ein
trafikksikker oppvekst.*



TRYGG TRAFIKK



Nord-Fron
KOMMUNE

2016